

Alle søkjarane

Dato: 01.05.2017
Vår ref.: 2014/8-36
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Tilskot til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan 2017

Det vert vist til dykkar søknader om tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Innan fristen den 1. april 2017 var det motteke tre søknader.

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) handsama i sitt møte 19. april 2017 sak (PS 17/2017) om tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Det vart gjort slikt vedtak:

1. *Os kommune får tildelt tilskot på kr 40.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.*
2. *Øygarden kommune får tildelt tilskot på kr 75.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.*
3. *Vaksdal kommune får tildelt tilskot på kr 125.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan for Dale.*

Møteprotokoll og saksframlegg til sak PS 17/2017 finn ein her:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=676>

I samband med prosjektet Trafikksikker kommune har Trygg Trafikk utarbeidd en mal til kommunal trafikksikringsplan. Denne finn de vedlagt som eit eksempel på korleis trafikksikringsplanen kan utarbeidast. Vidare ber fylkeskommunen om å få vere høyringsinstans når forslag til kommunal trafikksikringsplan vert sendt på høyring, samt at endeleg plan også vert sendt fylkeskommunen.

Om tilskotsordninga

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for trafikksikring i Hordaland er det sett at eigne midlar til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Dette er lagt opp som ei tilskotsordning der Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) handsamar søknadane og gjer vedtak. Totalt var det løyvd kr 500.000,- til kommunale trafikksikringsplanar i 2017. Tilskotsmidlane vert utbetalt omgåande.

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

1 Mal trafikksikkerhetsplan Trygg Trafikk

Adresseliste:

Os kommune

Vaksdal kommune

Øygarden kommune